

**KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2018/666****2019/EØS/50/59**

av 27. april 2018

**om endring av avgjerd 2014/312/EU med omsyn til det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til måling og lakk til innandørs og utandørs bruk skal gjelde for***[meld under nummeret K(2018) 2479](\*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Det tidsrommet som dei noverande miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til måling og lakk til innandørs og utandørs bruk skal gjelde for, og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i kommisjonsavgjerd 2014/312/EU<sup>(2)</sup>, går ut 28. mai 2018.
- 2) Det er gjort ei vurdering som stadfestar relevansen og nytten av dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i avgjerd 2014/312/EU. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, bør difor lengjast.
- 3) Avgjerd 2014/312/EU bør difor endrast.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010.

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I avgjerd 2014/312/EU skal artikkel 4 lyde:

*«Artikkel 4*

Miljøkriteria for produktgruppa «måling og lakk til innandørs og utandørs bruk» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2022.»

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 27. april 2018.

*For Kommisjonen*

Karmenu VELLA

*Medlem av Kommisjonen*

---

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 111 av 2.5.2018, s. 2, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 161/2018 av 6. juli 2018 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

(1) TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

(2) Kommisjonsavgjerd 2014/312/EU av 28. mai 2014 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til måling og lakk til innandørs og utandørs bruk (TEU L 164 av 3.6.2014, s. 45).